

Referat frå møte i Ungdomsrådet



26.10.17

kl. 13:30 – 15:00

Frammøte: Kommunestyresalen

Møteleiar: Ulvar Akselsen, nestleiar

1. Økonomi

Rådet har per 25.10.2017 om lag 16 000 kr att til disposisjon.

2. Saker

- Bjørn-Sigurd og Sandra fortalte om ABCD-kurs og orienterte om planar for ei ungdomssamling i Sagvåg. Ressursgruppe beståande av Bjørn-Sigurd, Sandra, Megan og Kristina skal møtast 02.11 på Nysæter ungdomsskule for å planlegga denne samlinga. Det er eit mål å gjennomføra arrangementet før jul 2017.
- **Rekruttering:** Søknader vart gjennomgått, og 2 nye representantar og 1 vararepresentant, hhv frå Nysæter og Nordbygdo vert rekruttert. Ulvar tek ansvar for at ringerunde vert gjennomført.

Det har vore utfordrande å få respons frå vidaregåande skule, og rådet manglar frå november 2017 representantar frå vgs. Johanne Malene skal gjera eit nytt forsøk på å få ut informasjon via elevrådet. Det vart også diskutert om ein skal ha stand på skulen, samt henga opp plakatar for å freista å rekruttera medlemmer.

3. Ymse

Bjarte Epland fortalde at Folkehelsedagar vert arrangert på ny første helga i mai 2018, og ungdomsrådet vert invitert til å bidra med ungdomsarrangement på fredagen. Dersom u.rådet har lyst til å bidra kan dei kontakta han. Han må ha beskjed innan midten av november.

Ulvar kom med forslag om å endra namn frå Ungdomsrådet til Ungdommens kommunestyre. Det var einighet i rådet om å undersøka om dette er mogleg. Hege undersøker.